

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Sogndal 31. mai 2011

Vedk.: "Høring av forslag til endringer i konservesordningen", dykkar ref. 201100306-/STD.

Lerum er ei næringsmiddelbedrift med fabrikklegg i Sogndal og på Kaupanger i Sogn. Vi har 136 tilsette og sysselset i tillegg ein del leverandørar i nærområdet. Ringverknadane av vår bedrift i distriktet er stor, og vi kan klart definerast som ei hjørnesteinsbedrift i Sogndal kommune. Omsetnad i 2010 var 429 mNOK. Vi er største industriavtakar av norske jordbær, solbær og kirsebær, og nest størst når det gjeld bringebær. Når det gjeld eple tek vi i mot pressepler frå lokale produsentar. Lerum har bygt opp ei distriktlokalisert verksemd basert på foredling av ekte frukt og bær, og støttar fullt ut norsk produksjon av råvarer. Med det høge kostnadsnivået ein har innanlands er vi heilt avhengige av gode rammevilkår når det gjeld import av varer vi ikkje får i Noreg, for å kunne overleve i konkurransen.

1. Innleiing

Eksisterande "Forskrift om individuelle tollnedsettelse og fordeling av tollkvoter til konservesindustrien" seier i § 1 Formål følgjande: *"Forskriften har som formål å stimulere til innenlands produksjon av råvarer til konservesindustrien. Innenfor denne målsetningen skal industrien sikres nødvendig supplement av importert råvare til lavest mulig tollbelastning"*.

For vår del er det svært viktig at det vert lagt vekt også på andre setning i formålet, slik at aktørar som ivaretek norske primærprodusentar sitt behov for å omsetje produserte råvarer, vert tilgodesett med høve til tollfri ("lavest mulig" = null toll) import av supplerande varer. Vi forutset at dette framleis er målsetnaden til departementet.

2. Høringa sitt punkt 3.2 Tollnedsettelse for epleråstoff til bearbeiding

I høringa pkt. 3.2 tredje avsnitt seier departementet om norsk produksjon av ferskpressa epleaft: *"Dagens ordning med importkvote for epleråstoff er, etter departementets oppfatning, ikke godt egnet til å gi et tilstrekkelig importvern for denne produksjonen. På denne bakgrunn foreslår departementet at det i stedet innføres moderate tollsatser for epleaft. Samtidig ser departementet*

et behov for å legge til rette for fortsatt norsk eplekonsentratproduksjon som et sikkerhetsnett, i første rekke ved store avlingsår”.

Departementet foresler tollsatsar kr. 4,-/kg for eplesaft, kr. 5,-/kg for eplekonsentrat og kr. 5,75/kg for eplepulp, under føresetnad av at importøren tek ut norsk vare. Vidare foresler departementet at EU-kvoten på 3.300 tonn skal leggest ut til open auksjon.

Vi forstår det slik at målsetnadane til departementet med dette forslaget er

1. Å gje norsk produksjon og omsetnad av ferskpressa eplesaft betre tollvern og
2. Å sikre avtak av norske pressepler til industrien.

Vi støttar fullt ut målsetnadane, men støttar ikkje forslaget til løysing.

Ei innføring av faste tollsatsar på import av epleråstoff for aktørar som avtek norsk epleråvare vil etter vår meining vere i strid med formålsparagrafen: “... *industrien sikres nødvendig supplement av importert råvare til lavest mulig tollbelastning*” (konservesforskrifta § 1). Etter våre berekningar påfører dette industrien om lag 50 mNOK/år i tollkostnad på eplekonsentratimport, 10 mNOK/år i tollkostnad på eplesaftimport og 2,5 mNOK/år i tollkostnad på eplepulpimport, totalt 62,5 mNOK/år. Det er då ikkje teke omsyn til EU-kvoten på 3.300 tonn, som vi ikkje veit kva kostnad vil få i ein eventuell auksjon.

Vi ser ikkje at dette tiltaket bidreg til å sikre norsk produksjon av industriepler for press. Etter vår meining har avtak av industriepler for press ikkje samanheng med norsk produksjon av ferskpressa eplesaft slik denne er i dag. Dette er to heilt ulike forretningsområder som treng ulik handsaming for å nå målsetnadane nemnt over. Den einaste som tek i mot industriepler for press, konsentrering og sal vidare til andre bearbeidingverksemder er Findus. Denne Findus-produksjonen er slik vi ser det ikkje i konkurranse med norsk produksjon og omsetnad av ferskpressa eplesaft, men er livsviktig for dei primær-produsentane som ikkje får levere til dei som driv med norsk produksjon og omsetnad av ferskpressa eplesaft. Å lage ordning som sikrar at Findus får avsetnad på konsentratproduksjonen, er nødvendig for å nå målsetnad 2 over.

Som største norske importør av eplekonsentrat (ca. 2.750 tonn i 2009-10 sesongen) til jusproduksjon vil føreslegen toll på kr. 5,-/kg medføre auka tollkostnad på om lag 14 mNOK/år som vi må vidareføre til forbrukar. Prisauken i butikk, som dette tiltaket vil medføre på vår jus basert på importert konsentrat, vil vere altfor låg til å påverke konkurransesituasjonen for norskprodusert ferskpressa eplesaft mot eplejus basert på importert konsentrat. Tiltaket vil etter vår meining vidare svekke konkurranseevna til eplejus basert på importert konsentrat i høve til andre drikkar i same priskategori, som til dømes appelsinjus, brus etc. Vi ser for oss generell nedgang i eplejus-salet, utan at dette kjem norsk ferskpressa eplesaft til gode. Tiltaket vil derimot kunne medføre tap av produksjon basert på importert eplekonsentrat.

Når det gjeld toll på import av eplepulp, der forslaget er å fastsetje fast tollsats kr. 5,75/kg mot dagens 0-toll i kvoteordninga, ser vi ingen grunn til å innføre toll på eplepulp då det er ikkje norsk produksjon av eplepulp som treng tollvern. Import av eplepulp er for bruk i syltetøyproduksjon og er såleis heller ikkje i konkurranse med norskprodusert ferskpressa eplesaft. Tiltaket vil medføre ein auka tollkostnad for vår del, som vi må vidareføre til forbrukar, på om lag kr. 600.000,-/år utan at dette har verknad inn mot målsetnadane over.

Når det gjeld toll på import av eple**saft** ser vi at forslaget om å innføre fast toll på kr. 4,-/kg vil kunne ha effekt i høve til departementet si uttalte målsetnad om å auke tollvernet for norsk produksjon av ferskpressa eple**saft**.

Når det gjeld departementet sitt forslag om å legge den tollfrie EU-kvoten på 3.300 tonn ut på open auksjon ser vi ikkje korleis det å opne EU-kvoten for aktørar som ikkje tek ansvar i høve til uttak av norske industriepler i det heile, kan bidra til å sikre avtak av norsk vare. Vi ser heller ikkje at slik handsaming av tollfri kvote - uansett storleik på kvoten - kan bidra til å auke importvernet for norsk produksjon av ferskpressa eple**saft**. Følgjeleg vil dette tiltaket ikkje bidra til å nå målsetnadane over i det heile.

Vi ser ikkje at føreslegen ordning sikrar uttak av norskprodusert eplekonsentrat frå Findus. SLF skal fastsetje minimumskvantum i 2 eller fleire kategoriar. SLF kan ikkje setje urealistiske krav til minstekvantum då konsekvensen for oss (og alle andre) dersom vi ikkje når dette kvantumet, er full toll på epleråvare, til dømes eplekonsentratimport kr. 27,20 /kg eplekonsentrat, og “kroken på døra” bokstaveleg talt. Med andre ord må minstekvantum setjast rimeleg, og med føreslegen ordning vil vi ikkje har korkje sakleg grunn eller incentiv til å ta ut 1 kilo eplekonsentrat frå Findus ut over dette minstekvantumet. Med norsk eplekonsentrat til kr. 40,-/kg og polsk konsentrat til kr. 16,-/kg (€2,00/kg) vert dette eit enkelt reknestykke.

Til målsetnaden pkt. 1. Å gje norsk produksjon og omsetnad av ferskpressa eplesaft** betre tollvern har vi følgjande forslag til løysing:**

Departementet peikar i andre avsnitt i pkt. 3.2 på at *“Denne produksjonen (norsk ferskpressa eple**saft**, vår merknad) er utsatt for importkonkurranse fra bearbeidingsbedrifter som kan importere (ferskpressa eple**saft**, vår merknad) til null toll gjennom konservesordningen”*.

Dette tilseier at import av ferskpressa eple**saft** på tollposisjon **20.09.7100 Eple**saft**, brix høyst 20** må handsamast utanom konservesordninga som gir høve til tollfri import av epleråvarer. Løysinga er at varenummer 20.09.7100 vert teke ut av eksisterande konservesordning for epleråstoff, og vert handsama med fast tollsats ved import av eple**saft** som råvare til bruk i eigen produksjon på kr. 4,-/kg **saft**.

Dette vil ivareta departementets prioriterte behov for å auke tollvernet for norskprodusert ferskpressa eple**saft** ved å innføre toll på import av ferskpressa eple**saft**. Samstundes reduserer ein tollsatsen til *“lavest mulig tollbelastning”* = kr. 4,-/kg **saft** og såleis kjem industrien også til møtes når departementet først meiner at innføring av tollvern er einaste veg å gå.

Tollposisjon 20.09.7100 Eple**saft**, brix høyst 20, har i dag fast nedsett toll til kr. 15,00/kg. Det er viktig at import av drikkeklar ferskpressa eple**saft** på forbrukarpakning, altså import av ferdigvare for direkte sal til forbrukar, framleis vert ilagt denne tolla på kr. 15,-/kg.

Ein må altså skilje i tolltariffen mellom import av råvare til eigen produksjon og import av ferdigvare, drikkeklar eple**saft** i forbrukarpakning, for direkte sal til forbrukar. Alternativt skil ein dette med pakningsstorleik slik det er gjort for appelsinsaft. Skiljet bør gå ved 5 kg for å verne norsk bag in box produksjon av ferskpressa eple**saft**.

Uttaket av norsk vare, samt fordeling av EU-kvoten, vert sikra ved å vidareføre konservesordninga slik dette er føreslege under.

Til målsetnaden pkt. 2. Å sikre avtak av norske pressepler til industrien har vi følgjande forslag til løysing:

Etter departementets eiga oppfatning (pkt. 3.4 første avsnitt, første setning) er den beste måten å stimulere avtak av norsk råvareproduksjon å oppretthalde systemet med importkvotar. Vi ser ikkje at det skal konkluderast annleis for eple. Ei vidareføring av systemet med importkvote for epleråstoff er beste måte å stimulere til avtak av norsk råvare, gitt at føresetnaden for å kunne gjere seg nytte av importkvoten er avtak av norsk råvare.

Med bakgrunn i argumentasjonen over føresler vi at departementet vidarefører konservesordninga for epleråstoff gjeldande eplekonsentrat på varenummer 20.09.7900 og eplepulp på varenummer 20.07.9905, 20.07.9909 og 20.08.9901. Den tollfrie EU-kvoten på 3.300 tonn vert ein del av totalkvoten som vert tildelt. Føresetnaden for å få tildelt og kunne gjere seg nytte av tollfri importkvote for gjeldande epleråstoff er uttak av norsk vare, slik dette er eit krav i dagens ordning. Det er i dag ikkje satt krav til minimumskvantum uttak norsk vare for å kvalifisere til kvote, her har industrien fordelt ansvaret for å ta ut konsentratproduksjonen til Findus seg i mellom utan føringar frå SLF. Vi vil i den samanheng påpeike at Findus så langt ikkje har hatt utfordringar omkring avtak av heile eplekonsentratproduksjonen sin kvart år.

Dette vil etter vår meining vere beste løysing for i nå målsetnadane nemnt først.

3. Høyringsbrevet sitt punkt 3.4 Importkvoter og tollnedsettelsar for bær til bearbeiding

Det vert i høyringa pkt. 3.4 første setning konkludert med at systemet med importkvotar for jordbær (JB), bringebær (BB) og solbær (SB) fungerer slik den er. Vidare føresler departementet å inkludere kirsebær (KB) i kvoteordninga. Vi støttar både konklusjonen om at kvoteordninga for bærsortane fungerer og at KB no vert inkludert i kvoteordninga.

Når det gjeld kvotestorleikar føresler departementet at kvotane vert vidareført på same nivå som gjeldande kvotar, med eit tillegg for kirsebær (KB) kvote på 120 tonn konsentrat i komande 3-4 årsperiode. Å fastsetje så låge kvotar i lys av reelle behov og realistisk forventning til norsk produksjon komande 3-4 år meiner vi er i strid med formålsparagrafen: "... *industrien sikres nødvendig supplement av importert råvare til lavest mulig tollbelastning*" (konservesforskrifta § 1).

Vi vil i denne samanhengen vise til at industrien og produsentane innanfor bær dei siste 2-3 åra har hatt ein god dialog, noko departementet er kjent med, rundt tiltak for å auke norsk produksjon, men kvantum levert har ikkje auka tilsvarande dei forventningar både produsentane og industrien har hatt. Det er difor importert stadig aukande mengder supplerande råvarer JB, BB og SB med toll. Siste avslutta sesong 2009-10 hhv. 1.181 tonn JB, 735 tonn BB og 49 tonn SB-konsentrat (tilsv. 284 tonn bær). Same sesong leverte norske produsentar hhv. 1.104 tonn JB, 918 tonn BB og 120 tonn SB-kons (tilsv. 696 tonn bær). I inneverande sesong 2010-11 er levert kvantum ein heil del ned for alle, antydningvis 860 tonn JB, 840 tonn BB og 47 tonn SB-kons (tilsv. 273 tonn bær).

Med fokus på departementets uttalte vilje til å sikre industrien nødvendig supplement av importerte råvarer til lågast mogeleg tollkostnad, og industrien si prova vilje til å stimulere til auka norsk produksjon og ansvarlege åtfærd i høve til å ta ut norskprodusert JB, BB og SB foreslår vi følgjande:

JB: Det er eit basisbehov i Noreg på om lag 4.900 tonn JB årleg. Dette er gjennomsnitt kjøp til industrien siste 2 år. Av dette er det realistisk at norske produsentar dei næraste åra leverer maksimalt 1.200-1.300 tonn. Med departementet sitt behov for å unngå større kvote enn at produsentane er sikra uttak foreslår vi at **kvoten vert sett til 3.400 tonn**, noko som gir eit **produksjonsmål for norsk JB på 1.500 tonn/år**. Å oppretthalde kvote på 3.000 tonn gir eit produksjonsmål på 1.900 tonn/år, noko som er heilt urealistisk!

BB: Det er eit basisbehov i Noreg på om lag 2.700 tonn BB årleg. Dette er gjennomsnitt kjøp til industrien siste 2 år. Av dette er det realistisk at norske produsentar dei næraste åra leverer maksimalt 1.000-1.100 tonn. Med departementet sitt behov for å unngå større kvote enn at produsentane er sikra uttak foreslår vi at **kvoten vert sett til 1.350 tonn**, noko som gir eit **produksjonsmål for BB på 1.350 tonn/år eller 50% av behovet, i tråd med tidlegare nivå for produksjonsmål**. Å oppretthalde kvote på 1.000 tonn gir eit produksjonsmål på 1.700 tonn/år, noko som er heilt urealistisk!

SB: Det er eit basisbehov i Noreg på om lag 360 tonn SB-konsentrat årleg. Dette er gjennomsnitt kjøp i industrien siste 2 år. Av dette er det realistisk at norske produsentar dei næraste åra leverer maksimalt 110-120 tonn konsentrat (tilsv. 700 tonn bær) . Med departementet sitt behov for å unngå større kvote enn at produsentane er sikra uttak foreslår vi at **kvoten vert sett til 220 tonn konsentrat**, noko som gir eit **produksjonsmål for SB på 800 tonn bær/år**. Å oppretthalde kvote på 190 tonn konsentrat gir eit produksjonsmål på 1.000 tonn bær/år, noko som er heilt urealistisk!

I kvoteåret 2007-08 hadde industrien på grunn av eit godt norsk solbær-år, ikkje bruk for heile kvoten. Dette gjekk då ikkje på kostnad av solbær dyrkinga i Noreg, vi tok ut 100% av norsk produsert vare og let ubrukt importkvote gå tapt. Dette bør vektleggast når ein vurderer kvotestorleikar i høve til at vi tek ansvar for norsk produsert råvare også når ordninga eigentleg har opna for kynisme.

KB: Gjennom ei årrekke har Lerum vore einaste avtakar av KB-konsentrat produsert av Findus basert på KB frå norske primærprodusentar og såleis aleine vore garantist for denne norske produksjonen.

Med bakgrunn i departementet sitt behov for å stimulere til innanlands produksjon av KB og ut frå dette i februar 2010 via SLF kom med forslag om å auke toll på import av KB-konsentrat frå kr. 0,- til kr. 5,-/kg, og den respons vi då gav i høve til det forslaget, støttar vi at KB no vert inkludert i konservesordninga og kvoteregulert i høve til import på same måte som JB, BB og SB.

Vi ser at det vert enklare for SLF å administrere ei sams kvote for SB/KB enn å få ei ekstra kvote og vil difor i utgangspunktet støtte dette. Får samanslåinga utilsikta konsekvensar når vi prøver dette i praksis vonar vi at dette kan vurderast på nytt.

Når det gjeld kvotestorleik på **120 tonn KB-konsentrat** har vi ingen kommentarar ut over at vi med bakgrunn i SB-argumentasjonen over foreslår at **total kvote SB-/KB-konsentrat vert sett til 340 tonn**.

Vidare føresler departementet at SLF ikkje lenger skal kunne auke importkvotane ved "*betydelig økning i forbruket*". Dette er i praksis definert som om lag 10% auke i forbruk. Det er slik vi ser det viktig at SLF har denne heimelen, då det å fjerne heimelen for SLF til å auke importkvotar ved auke i forbruk vil vere ei vesentleg forverring i rammevilkåra og etter vårt syn vere i strid med formålsparagrafen: "*... industrien sikres nødvendig supplement av importert råvare til lavest mulig tollbelastning*" (konservesforskrifta § 1).

Vi antek at å fjerne heimelen er for å redusere administrasjonsbehovet i SLF, men dersom departementet legg til grunn basisforbruk og kvotar som vi har argumentert for over, vil føresetnadane for at SLF kan nytte denne heimelen lite truleg inntreffe. Forbruksauken ville i så fall måtte vere 490 tonn JB, 270 tonn BB og 210 tonn SB (bær), noko vi ser som lite truleg i dagens marknad.

Vi støttar fullt ut føreslegen endring i at rapporteringsåret som vert lagt til grunn for fordelinga, vert satt til perioden 1. juni – 31. mai. Ëi årleg fordeling vil gjere det enklare for alle partar.

4. Høyringsbrevet sitt punkt 3.5 Endringer i vareomfanget

Plommekonsentrat og frosne plommer vert ikkje produsert i Noreg. Å auke toll på desse varene ved å fjerne dagens "særlige tollnedsettelse" har då ikkje anna effekt enn å auke tollkostnad for oss.

Det same gjeld Bjørnebær/Boysenbær. Vi vil her i tillegg påpeike at substitusjonseffekten ikkje er reell, vi kan ikkje nytte desse bærsortane i staden for norske bringebær.

Med venleg helsing

Lerum Fabrikker AS/ Lerum Konserver AS



Trine Lerum Hjellhaug

Administrerende direktør



Jan Audun Larsen

Innkjøps- og logistikkdirektør